

## Melding frå Kongen til Stortinget um Noregs rikets styring i tida etter siste melding.

Vi Haakon, Noregs Konge,

*gjer kunnigt:*

I samsvar med grunnlova skal Kongen med dette få gjeva melding til Stortinget um tilstandet i riket og um styringa i 1936.

Noreg var representert på den 16de ordinære forsamlinga i Folkesambandet, som hadde eit nytt møte i Genève frå 30 juni til 4 juli 1936, og på den 17de ordinære forsamlinga, som vart opna i Genève 21 september og varde til 10 oktober.

Ratifikasjonsdokumenta for avtalen um skiltsdom, rettsleg avgjersle og forlik millom Noreg og Venezuela frå 13 mai 1935 vart utveksla i Haag 23 mars 1936.

Noreg har 17 april 1936 skrive under — med visse atterhald — den sør-amerikanske antikrigspakta, utferda i Rio de Janeiro 10 oktober 1933.

Noreg har 21 september 1936 vedteke ein millombils-avtale som er utferda i Genève 4 juli 1936 um tyske heimlandslause.

Sammøtet millom dei nordiske nabolandsnemndene vart i året som gjekk halde i Oslo i september månad.

Som ein lekk i arbeidet for å skaffa nye marknader for eksportprodukta våre har Stortinget løyvt pengar til to handelsutsendingar — ein til Millom-Amerika og dei nordlege statane i Sud-Amerika og ein til Den nære orient. Den fyrste av desse er oppnemnd og reist til distriktet sitt.

Millom Noreg og Danmark er det 10 januar 1936 gjort ein avtale um samhandelen millom dei to land; avtalen gjeld for 1936.

Med Sverige er det ved noteveksling 15 mai 1936 gjort ein avtale um eksporten av fersk lange frå Noreg til Sverige.

Millom Noreg og Belgia er det 17 desember 1936 gjort ein avtale um gjensidig fritaking for avgifter av motorkøyrety. Avtalen skal ratifiserast og ta til å gjelda 30 dagar etter at ratifikasjonsdokumenta er utveksla.

Millom Noreg og Frankrike er det 20 februar 1936 gjort ein avtale, gjeldande for 1936, um handelssambanda millom dei to land. Etter tingingar i desember månad har det kome i stand ein tilsvarende avtale for 1937.

Millom Noreg og Uruguay er det 4 april 1936 underskrive ei handels- og sjøfartsemje. Semja er ratifisert frå norsk side og godkjent av Uruguays parlament. Ratifikasjonsdokumenta er enno ikkje utveksla.

Millom Noreg og Tyrkia er det 8 juni 1936 gjort ein ny kontingenterings- og kompensasjonsavtale med tilhøyrande betalingsavtale.

Med Spania er det 13 juni 1936 gjort ein avtale um ordning med varebyttet millom dei to land, med tilhøyrande betalingsavtale.

Millom Noreg og Brasil er det 27 juni 1936 gjort ein millombils handelsavtale.

Med Italia er det 25 august 1936 gjort ein ny millombils avtale um ordning av varebyttet millom dei to land og um betalingane vedkomande dette.

Millom Noreg og Romania er det 10 desember 1936 gjort ein avtale um ordning av betalingane som gjeld varebyttet millom dei to land, og um oppgjerd av dei fastfrosne norske tilgodehavande i Romania.

Millom Noreg og Polen er det 14 mars 1936 underskrive ein tilleggssprotokoll til handels- og sjøfartstraktaten frå 22 desember 1926 og tilleggssprotokollane frå 26 april 1928 og 8 januar 1935.

I 1936 har 2 401 kandidatar teke studenteksamen.

Ved Noregs Tekniske Høgskule vart det teke opp 169 studentar og uteksaminera 154 kandidatar. Talet på studentar hausten 1936 var 749.

Ved Universitetet har i alt 455 kandidatar teke embetseksamen, ved Menighetsfakultetet 62.

Talet på studentar ved Universitetet er 3 977, ved Menighetsfakultetet 230.

I januar 1936 stod det uavgjort 441 borgarlege saker og 40 straffesaker ved Høgsterett. I året 1936 kom det inn 206 borgarlege saker og 147 straffesaker medan det i same tidbolken vart avgjort 272 borgarlege saker og 151 straffesaker. 31 desember 1936 stod det uavgjort 375 borgarlege saker og 36 straffesaker.

Departementet held fram med arbeidet med utjamning og avgrensing av det kommunale skattetrykket. I budgett-terminen 1936—37

er det, med nokre få undantak, ikkje godkjent høgare skattøre enn 18 med mindre reduksjonstabellen har vore mindre streng enn normaltabellen med tala nedsett med 40 pct. Burtsett frå nokre få tilfelle, er det ikkje nytta strengare reduksjonstabell enn normaltabellen med tala nedsett med 50 pct.

I 1936 er 15 kommunar gått ut av administrasjon, slik at det no berre er 22 att.

Statspolitikorpset er nedlagt og utrykkjingspolitiet skipa frå 1 januar 1937.

For Justisdepartementet er det ikkje gjort nokon konvensjon med framande statar i 1936.

Helsetilstanden har i 1936 jamt over vore god. Men av poliomyelitt har det vore mange fleire tilfelle enn vanleg. I månadene januar—oktober er det kome melding um 852 tilfelle mot 84 i same tid i 1935. Verst var sjukdomen i månadene juli—oktober, og mest utbreidd i Austlandsfylka, serleg i Akershus og Oslo; men ogso i Rogaland, Hordaland og Bergen var det etter måten mange tilfelle.

Det har i 1936 ogso vore heller mange tilfelle av Castro-enteritt, 26 048 tilfelle mot 16 482 i 1935. Flest tilfelle er meldt frå Oslo og Akershus, Trondheim og Sør-Trøndelag.

Av dei andre epidemiske sjukdomane er det serleg kikhoste som det har vore meir av enn fyrre året, med 11 577 tilfelle mot 6 592 i 1935.

Verksemnda i industrien har auka munaleg i 1936. Etter den månadlege produksjonsindeksen har produksjonen stige med umlag 10 pct. dei 10 fyrste månadene i året, samanlikna med dei tilsvarande månadene i 1935. Stiginga gjeld både eksport- og heimeindustrien; båe har auka med umlag same procent. Produksjonen har dermed kome opp på eit nivå som ligg umlag 18 pct. over 1929 og 1930.

Det er oppgang i dei fleste industriar. Ein nemner bergverka og metallsmelteverka, jarn- og metallindustrien, Norsk Hydro, papirindustrien, serleg tresliperia, tekstilindustrien m. m. I nærings- og nyttingsmiddelindustrien viser òg fleire bransjar oppgang. Byggeindustrien er ikkje teken med i produksjonsindeksen; men denne industrien har havt ein sterk vokster det siste året.

Ein merkar at kursane på industriaksjar har stige munaleg, serleg i siste parten av året.

Verdet av utanrikshandelen viser stiging i 1936 samanlikna med året før. For dei fyrste 11 månadene i 1936 har den samla umsetnaden eit verde av 1 441 millionar kroner,

mot 1 279 millionar kroner for dei same månadene i 1935. Verdet av innførsla har stige frå 734 millionar kroner til 831 millionar kroner, og verdet av utførsla frå 545 millionar kroner til 611 millionar kroner.

Som fylgje av den sterkare stinginga i innførsleverdet vert innførsleoverskotet større enn i 1935. For dei same 11 månadene hadde ein i 1935 eit overskot på 188 millionar kroner, mot 220 millionar kroner i 1936. Avdi serleg skipsfarten og kvalfangsten gjev eit munaleg større overskot enn i 1935, kjem betalingsbalansen truleg til å visa eit større overskot i år enn i fjor, då det vart utrekna til umlag 14 millionar kroner etter dei revidererte oppgåvene.

Utvidinga og moderniseringa av handelsflåten har halde fram i 1936. Alt i alt hadde flåten i året ein tilgang på 268 000 bruttotonn, og storparten av tilgangen var nybygde motorskip. Den samla avgang var 138 000 bruttotonn, og det var for det meste på grunn av opphogging og sal til utlandet av eldre dampskip.

Nettoauken i flåten var 130 000 bruttotonn eller 3,2 pct., og pr. 1 januar 1937 var den norske handelsflåten på i alt 4 201 000 bruttotonn.

Konjunkturuppgangen i 1936 har ført med seg at verksemnda i skipsfarten framleides har auka, og i siste halvparten av året har dessutan fraktene på verdsmarknaden vorte munaleg betre. I medeltal har fraktene i 1936 lege 15 til 20 pct. høgare enn i året før. Den opplagde norske tonnasje har vore sers liten i året. I dei siste månadene av året har so å segja heile flåten vore i fart.

Dei upptente bruttofraktene i 1936 kjem truleg til å verta munaleg større enn i 1935, då det i alt vart upptent 430 millionar kroner. Ein har fyrebils rekna ut dei upptente bruttofraktene i 1936 til umlag 510 millionar kroner.

Fiskeria har stort set havt eit godt år i 1936, til dels noko betre enn eit medels år. Når ein ser burt frå feitsild- og småsildfisket, som svikta sterkt ogso i siste året, har dei fleste fiskeria i 1936 gjeve ei større fangstvinning enn i 1935; nokre fiskeri har òg gjeve ei større fangstvinning enn i dei nærast fyregåande åra. Storsild- og vårsildfisket var i 1936 det beste ein nokon gong har havt.

På fiskeplassane var prisane for dei fleste av dei viktigare fiskeslaga litt lågare enn i året før, men verdeuthyttet av fiskeria vart større enn i 1935 avdi fangstmengdene var større. Det samla fyrstehandsverdet av fiskeria er utrekna til 73 millionar kroner i 1936 mot 67 millionar kroner i 1935 og 59 millionar kroner i 1934.

Trass i dei vanskelege avsetnadstilhøva på dei utanlandske marknadene har verdet av utførsla av fisk og fiskeprodukt stege litt i 1936. Utførsla av fersk sild, saltå sild og fersk fisk har delvis vore munaleg større enn i 1935, medan utførsla av turrfisk har vore vel 3 000 tonn mindre (11 månader). Klepp-fiskeeksporten har vore ubrigda. Utførsla av silde- og fiskemjøl og av tran har òg gått nokså mykje upp.

Av dei store fiskeria hadde torskefiskeria ei samla fangstvinning på 137 000 tonn i 1936 mot 117 000 tonn i 1935, stor- og vårsildfisket hadde ei oppfiska mengd på 5,1 millionar hektoliter mot 4,2 millionar hektoliter i 1935, og feitsild- og småsildfisket ei oppfiska mengd på 1,3 millionar hektoliter mot 1,6 millionar hektoliter i 1935.

Kvalfangsten gav i sesongen 1935—36 ein oljeproduksjon for norske selskap på umlag 1 160 000 fat mot umlag 1 240 000 fat i sesongen 1934—35. Olja frå sesongen 1935—36 vart seld til munaleg høgare prisar enn olja i sesongen før. Det samla verdet av produksjonen i sesongen 1935—36 er utrekna til umlag 68 millionar kronor mot 51 millionar kronor i 1934—35.

For postverket har 1936 vore eit godt år med sterk stiging i trafikken.

Drifta åt Telegrafverket har gått fyre seg på normal måte i året som gjekk. Det har vore jamn stiging i trafikk og inntekter. Forutan den vanlege anleggsverksemda til utviding og forbetring av telegraf- og telefonsambanda er det for kriseløyvingar utført ei mengd større og mindre anlegg, millom dei nokre større kabelarbeid.

Den innanrikske dampskipsferdsla med statstilskot har stort sett arbeidt under same vilkår som i 1935.

Turist- og reisetrafikken har i året som gjekk framleis vist stor stiging; dette gjeld både sumar- og vintertrafikken.

Året 1936 må segjast å ha vore eit jamt godt år for jordbruket. Prisane på jordbruksvarone som har stege noko dei to fyrre åra, har auka ogso i 1936, men samstundes har ogso utgiftene vokse, til dømes arbeidslønene.

Vestlandet fekk ein hard turkebolck på fyresumaren so avlingane vart noko små i denne landsluten. For høvavlingane var elles dette tilfelle for det meste av landet, men for alle grødeslag under eitt for heile landet må ein likevel segja at året var nokolunde bra.

Med beinveges tilskot og lån av Jorddyrkingsfondet er det dyrka frå nytt millom 85 og 90 000 dekar og grøfta umlag 40 à 45 000 dekar før dyrka jord. Det er dessutan gjeve

lovnad om tilskot til reising av umlag 1800 nye bruk. Dette er umlag 600 fleire enn i 1935 og det største talet som er nådd sidan tiltaket vart sett i verk.

I budgettåret 1935—36 vart det kjøpt inn umlag 63 600 tonn korn av 1935-års-avlinga. Det vart betalt ut trygd for umlag 192 380 tonn. Utgiftene til overpris og trygd (med administrasjonskostnad) var umlag 16,7 millionar kronor.

Av avlinga i 1936 er det ved utgangen av året kjøpt inn umlag 53 000 tonn norskavla korn og ved bygdemylnone er det frå 1 juli til 31 oktober male umlag 44 000 tonn med rett til trygd.

Innførsla av korn i 1936 ved Statens Kornforretning reknar ein med vert umlag 320 000 tonn kornverde (korn og mjøl).

Frå den tid fyresegna um kraftfôravgifta vart sett i verk, 24 juni 1935, og ut budgettåret til 30 juni 1936 var det umsett umlag 460 000 tonn avgiftspliktig kraftfôr. Avgifta for dette saman med rentone som er vunne inn, utgjør pr. 30 juni 1936 umlag 14,2 millionar kronor. Av denne summen er tilbakebetalt umlag 8,1 millionar for avgiftsfritt kraftfôr.

Noregs Veterinærhøgskule vart høgtidleg innvidd 27 august 1936 og veterinærutdanninga ved sjølve høgskulen tok til i fyrstninga av haustsemestret. Det vart ogso i år uppteke 15 nye studentar.

Helsetilstanden millom husdyra har i det store og heile vore god. Smittsam anemi hos hest er det framleis lite av. Arbeidet med storfetuberkulosen har ogso i dette året vist gode resultat. Kampen mot den smittsame kalvekastinga har halde fram, og viser eit godt resultat.

I 1936 har ein konstaterert smittsam hønselamenskap. Denne sjukdomen har ein med heimel i § 16 i husdyrlova uppteke millom dei mildare smittsame husdyrsjukdomane, og det er gjeve serlege fyresegner til å hindra at sjukdomen kjem utover.

Skogen har hatt eit godt vokstrår og mykje kultur- og vegarbeid er gjort i skogane. Lønsemda i skogbruksnæringa har vorte betre det siste halve året av 1936. Det kjem av dei aukande prisar på verdsmarknaden på fleire av dei viktigaste eksportartiklane i skogbruket. Spurnaden etter tømmer og verksemda i skogen har auka og arbeidsløysa i skogbygdene har minka.

Ved Noregs Landbrukshøgskule vart det uppteke 45 studerande i 1936. Det var uteksaminert 7 hagebrukskandidatar, 33 jordbrukskandidatar, 5 meierikandidatar og 21 skogbrukskandidatar.

Arbeidsdrifta ved dei jarnvegsanlegga, veg-, vass-, bygning- og reguleringsarbeida som Stortinget har løyvt pengar til, har gått fyre seg i samsvar med planane og i det omfanget som pengeløyvingane har gjeve høve til.

Elektrisk drift er i året sett igang millom Kongsberg og Hjuksebø og på Bratsbergbanen, likeeins og for forstadsstog millom Oslo og Ljan. Breidt spor er no førd fram frå Rise til Grimstad.

Arbeidet på umbygging av Rørosbanen millom Koppang og Støren byrja i mai, etter at det var gjeve tilsagn um vanleg tilskot frå distriktet.

Ein har òg i 1936 drive naudarbeid til avhjulping av arbeidsløysa. Slike arbeid har det vore i dei fleste fylke.

Lengda av jarnvegar i regelrett drift var 1 juli 1936 3 998 kilometer. Av dette var 3 656 kilometer statsjarnvegar og resten private. Inntekta ved Statsjarnvegane i driftsåret 1935—36 var 73 225 745 kroner, medan det i budgettet var ført opp 67 851 200 kroner. Når ein ser burt frå renta av statens kapital var utgifta 75 723 863 kroner mot løyvt 68 311 995 kroner.

Folkemengda som høyrer heime i riket var ved utgangen av 1935 2 884 300, og kann truleg setjast til 2 897 000 ved utgangen av 1936.

Den oversjøiske utvandringa har i 1936 òg vore etter måten svært liten. Dei 3 fyrste kvartal av 1936 utvandra i alt 415, mot 344 i same tidbolken i 1935 og 386 i 1934. Dei 3 fyrste kvartal av 1936 utvandra 323 til Sambandsstatane og 45 til Canada. Dei tilsvarende tala for same tidbolken i 1935 var 280 og 14. I heile 1935 utvandra i alt 462, av desse 364 til Sambandsstatane og 22 til Canada.

Etter dei fyrebils oppgåvone har det i 1936 òg vore fleire giftarmål enn året før. Talet på ektevigde var dei 3 fyrste kvartal av 1936: 14 628, mot 13 313 i same tidbolken i 1935. I same tidbolken vart det i 1936 født 32 559 levande fødte born, og det døydde 22 483. Dei tilsvarende tala for 1935 var 31 885 og 22 331. Talet på fødselar har soleis gått noko opp samanlikna med dei tilsvarende kvartal av 1935. Talet på dødsfall har òg stige, men ikkje so sterkt, soleis at fødselsoverskotet dei 3 fyrste kvartal av 1936 vert litt større enn i 1935, nemleg 10 076 mot 9 554 året før.

Prisnivået har i Noreg som i andre land halde ved å stiga i 1936.

Engrosprisindeksen ligg i medeltal for 1936 på 134 mot 127 i 1935. Hovudtalet har gått opp frå 131 i desember 1935 til 140 for desember 1936.

Landbruksvaror har stige frå 131 til 136 og industrivaror fra 136 til 150.

Hovudtalet for levekostnadene har gått opp frå 153 ved utgangen av 1935 til 155 for november 1936. Matvarone ligg òg 2 points høgare i november 1936 enn i desember 1935.

Sumaren 1933 stogga stinginga av arbeidsløysa. Frå hausten 1933 har talet på arbeidslause etter statistikken åt fagforeningane med eit par undantak vore lågare kvar månad en talet året før. Nedgangen vart sterkare i 1935 og 1936.

Uppgåvone over procent ledige fagforeningsmedlemer i 10 fagforbund og serskilt for jarn- og metallarbeidarar og for byggningsarbeidarar viser frå hausten 1934 til hausten 1935 denne utviklinga:

|                    | 10 fag. | Jarn- og metall-<br>arb. | Byg-<br>nings-<br>arb. |
|--------------------|---------|--------------------------|------------------------|
| 1934. September .. | 25,6    | 25,7                     | 30,5                   |
| » Desember ..      | 32,8    | 29,1                     | 44,9                   |
| 1935. Mars .....   | 31,3    | 27,2                     | 45,0                   |
| » Juni .....       | 21,2    | 19,3                     | 26,3                   |
| » September ..     | 19,8    | 19,6                     | 23,7                   |
| » Desember ..      | 26,0    | 16,8                     | 39,2                   |
| 1936. Mars .....   | 24,6    | 14,4                     | 38,8                   |
| » Juni .....       | 12,8    | 9,3                      | 15,4                   |
| » September ..     | 14,2    | 11,2                     | 17,5                   |

Etter situasjonsrapportane frå Statens Arbeidsløysinspektorat som byggjer på oppgåvor frå alle 47 arbeidskontor, var overskotet av arbeidssøkjande menn og kvinner pr. 15 kvar månad:

|                 | 1935   | 1936   |
|-----------------|--------|--------|
| Januar .....    | 40 071 | 40 177 |
| Februar .....   | 41 653 | 40 263 |
| Mars .....      | 41 631 | 39 999 |
| April .....     | 41 432 | 37 756 |
| Mai .....       | 34 865 | 30 923 |
| Juni .....      | 29 757 | 26 139 |
| Juli .....      | 26 228 | 22 145 |
| August .....    | 28 281 | 23 477 |
| September ..... | 32 548 | 28 122 |
| Oktober .....   | 36 549 | 31 332 |
| November .....  | 39 270 | 35 119 |
| Desember .....  | 40 950 | 36 260 |

I alle månader, januar undanteke, er tala lågare i 1936 enn i 1935. Utviklinga var serleg god i vår- og sumarmånadene. I haustmånadene har rørsla vore meir usikker. Skilnaden millom månadstala i dei to åra var då sterkt skiftande, men likevel alltid større enn i fyrste halvpart av året.

Vikerapportane frå arbeidskontoret i Oslo viste i haustmånadene 1935 ei relativt ulagleg

utvikling. Tala låg på eit nokso mykje høgare nivå enn i 1934. Men umslaget kom i 1936, og vinteren og våren 1936 låg arbeidsløysa i Oslo på eit lågare nivå enn i dei 3 åra før. Betringa auka, og frå fyresumaren 1936 låg arbeidsløysa ogso under nivået frå 1932 og 1931.

I 1936 har det ikkje vore mange store arbeidskonfliktar. Det var konflikt i kjøtindustrien i Oslo i februar—mars, i steinindustrien frå juni, drosjesjåfførkonflikt i Bergen frå august, stutte konfliktar i hotell- og restaurantfaget i Oslo, ved havfiskeflåten i desember og konfliktar ved nokre einskilde verksemdar.

Dei fleste større tariffane varde til 1937 og dei tariffrevisjonane som vart gjorde i 1936, vart som regel ordna utan arbeidsstans.

Ved fellesoppgerda våren 1935 vart det vedteke at dei fleste større tariffar skulde vara i 2 år. Også fleire av dei tariffane som kom i stand seinare på året, skulde vara i 2 år. Det er difor etter måten berre få lønsrevisjonar som har gått fyre seg i 1936.

Lønsavtalane i 1936 førde til ålmenn lønsauke.

Dei nye tariffane for transportfaget ved årsskiftet 1935—36 gav ei auking på 5 à 6 pct.; tariffrevisjonen for Nord-Norge um våren førde med seg noko større aukingar, men nivået før var mykje lågare der.

Tariffrevisjonen for sjøfarten førde til ei mindre lønsauking, 2 à 3 pct. Likeeins i kjøtindustrien. For dei grafiske fag vart det ymse lønsbetringar, likeeins for handelsfunksjonærane i Oslo og utpå sumaren for konfeksjonsindustrien.

I steinindustrien vart dei samde um ei lønsauking på 5 à 7 pct. Tariffavtalane for landarbeidarane, som til dels er heilt nye, vil segja ei større lønsbetring. For vegarbeidarane og nokre andre av statens anleggsarbeidarar vart det òg nyordning av arbeidsavtalane og lønsbetringar.

Lønssatsane for skogsarbeidarane vart i samhøve med indeksfyresegn auka med 2,65 pct. i 1936. Den nye tariffen for papirindustrien gjev ei generell lønsauking på 5 pct.

I høvleriindustrien reknar ein med å ha oppnådd lønsbetringar på umlag 7 pct. ved dei nye tariffane.

For kvalfangsten kom ein hausten 1936 over til regulær tariff. Den fastsette umlag 15 pct. lønstilllegg og nokre andre betringar.

Den nye tariffen for dei større meieria i november førde til ei auking av lønssatsane på 10 pct.

Ved tariffrevisjonane for kommunale arbeidrar og funksjonærar i 1936 varierte lønsaukingane frå 5 til 8 pct.

Tollintradene og laste- og fyravgifta var for budgett-terminen 1935—36 sett til kr. 114 700 000 og kr. 3 400 000. Etter rekneskapa har det gjenom tollintradene og laste- og fyravgifta i budgett-terminen 1935—36 (med frådrag av utbetalt tollgodtgjersle i samhøve med tolltariffens § 13) kome inn kr. 125 848 790 og kr. 3 932 508.

Ved myntverket på Kongsberg er i 1936 mynta ut for statskassa tilsaman kr. 807 700 i ny skiljemynt.

Hypotekbanken har i 1936 betalt ut nye pantelån soleis:

|  |               |
|--|---------------|
| Ved Hovudsetet pr. 31 desember .....         | kr. 6 262 900 |
| » Bergen lånekontor pr. 30 november .....    | » 1 001 700   |
| » Trondheim lånekontor pr. 30 november ..... | » 934 900     |
| » Tromsø lånekontor pr. 30 november .....    | » 623 500     |
|  | <hr/>         |
|  | kr. 8 823 000 |

5½ pct. serien 1926 på 15 millionar kronor vart uppsagd til innløyasing pr. 1 oktober. Av serien er innløyst obligasjonar for tilsaman kr. 14 719 000.

4½ pct. millombils lån av 1935 på 20 millionar vart uppsagd til innløyasing pr. 21 juli. Av serien er innløyst obligasjonar for tilsaman kr. 19 760 000.

Til innløyasing av 5½ pct. serien 1926 på 15 millionar kronor er teke upp eit nytt innanlandsk 4½ pct. serielån på 15 millionar kronor etter kurs 99½ pct. Serien er dagsett 15 april og obligasjonane er renteberande frå same dagen.

Til innløyasing av 4½ pct. millombils lån 1935 på 20 millionar kronor er teke upp eit 3¾ pct. lån i Sverige på 20 millionar kronor etter kurs 97½ pct. Serien er dagsett 15 april og obligasjonane er renteberande frå same dagen.

Av serien 5 pct. 1932 er det ikkje selt noko, og restupplaget er soleis som i fjor kr. 4 293 000.

Av serien 1935 II er selt obligasjonar for tilsamen kr. 370 000 etter kurs 96 pct. Restupplaget er soleis no kr. 4 512 000.

Statsgjelda var, når ein reknar um dei utanlandske lån etter pari kurs, pr. 30 juni 1935 kr. 1 476 181 397 og pr. 30 juni 1936 kr. 1 481 809 087; ho er soleis auka kr. 5 627 690 i budgett-terminen 1935—36. I dei faste utan- og innanlandske statslån er det ein netto mink på kr. 3 826 124 medan den millombils gjelda har auka kr. 9 453 814. Samstundes har statskassemedelen (innestående foliomedel i Noregs Bank, innskot i an-



dre bankar og statsobligasjonar oppkjøpte til amortisering) gått ned umlag kr. 9 735 000. I 1936 er det konvertert 3 statslån, 6 pct. lånet 1922 i Amerika til rest 16 455 000 dollars er konvertera i eit  $4\frac{1}{2}$  pct. lån same staden lydande på 17 000 000 dollars (etter pari kurs kr. 63 410 000) og er teke upp etter kursen  $97\frac{3}{10}$  pct.  $5\frac{1}{2}$  pct. lånet 1925 i Amerika lydande på 29 798 000 dollars er konvertert i eit  $4\frac{1}{4}$  pct. lån same staden lydande på 31 500 000 dollars (etter pari kurs kr. 117 495 000) og er teke upp etter kursen  $95\frac{1}{4}$  pct.  $5\frac{1}{2}$  pct. innanlandsk lån 1926 på 55 millionar kronor er konvertert i eit  $4\frac{1}{2}$  pct. innanlandsk lån på same summen. Lånet er teke upp etter kursen  $100\frac{1}{2}$  pct. Dessutan er det teke upp 2 nye statslån, nemleg eit  $3\frac{1}{2}$  pct. lån på 20 millionar svenske kronor i Sverige etter kursen 94 pct. og eit innanlandsk  $4\frac{1}{2}$  pct. lån på 55 millionar kronor etter kursen  $100\frac{1}{2}$  pct.

Statsrekneskapen for budgett-terminen 1935—36 er oppgjord med eit rekneskaps-overskot på kr. 28 509 795.

Tek ein umsyn til at summen av utgifts-

løyvingar som er overført til rådvelde i neste termin (1935—36) har stige med kr. 9 686 671 vert overskotet kr. 18 823 124. Statens nettokapital har i 1935—36 gått upp med kr. 36 169 773.

I 1936 har det vore halde våpenøvingar i samsvar med vedtak i Stortinget 26 mars 1936.

Den fritrekkjinga av ein tridjepart av rekruttane, som har gått fyre seg kvart år sidan 1926, vart avskipa.

Tokt og øvingar for Sjøforsvaret har vore sette i verk i samhøve med dei løyvingane som er gjevne.

Mineleggjaren «Olav Tryggvason» har under sumartoktet gjort ei ferd til Svalbard.

Trålaruppsynet i Nord-Noreg har vore drive med uppsynskipa «Heimdal», «Michael Sars», «Farm» og nokre leigde farty.

I juli, august og fyrste luten av september har «Fridtjof Nansen» gjort hjelpeteneste for dei norske sildefiskarane under islandsfisket.

Alle andre tokt og øvingar har vore innanfor landegrensone.

Gjeve på Oslo slott 13 januar 1937.

Under Vår hand og riksseglet

HAAKON

(L. S.)

Johan Nygaardsvold

B. Rolsted